 - ... så vil FKT ønske våre medlemmer en fin adventstid, God Jul og et Godt Nyttår!

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)
Styreleder i FKT

Hogne Haktorson
Kontrollsjef / dagleg leder

VEDLEGG SAK 2/13



VINDAFJORD KOMMUNE

Haugaland
Kontrollutvalssekretariat IKS

Mottatt dato: 18.12.12
Journalført: 18.12.12/391
Arkivkode: 12/391/216/ogh

Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS
Postboks 57

5575 AKSDAL

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 18.12.2012

Vår ref: 12/19541

Dykkar ref: 12/359/216/ogh

Arkiv: K1-

OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT SELSKAPSKONTROLL I HIM
IKS

Det vert vist til dykkar skriv datert 26.11.12 med oversending av kontrollutvalssak 30/12 for handsaming i kommunestyret.

Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 12.12.12, sak 081/12, og gjorde slikt vedtak:

Vindafjord kommunestyre tar tilbakemelding frå selskapet om oppfølging av selskapskontroll i HIM IKS til orientering.

Særutskrift av kommunestyret si handsaming ligg ved.

Med helsing

Magne Inge Vårvik
Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg.

Til: Thomas Alvseike

Thomas.alvseike@gmail.com

Deres ref.

Deres dato

Vår ref.
13/31/033/ogh

Dato
30.01.13

VEDR. BYGGESAK PÅ UTBJOA

Vi viser til din henvendelse til kontrollutvalget i Vindafjord v/Øyvind Haraldseid, sendt 03.01.13.

Kontrollutvalgene sine oppgaver er beskrevet i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner». Utvalgets primæroppgaver er å påse at kommunen har forsvarlig regnskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgaver på et overordnet nivå knyttet til systemkontroll.

Kontrollutvalget skal ikke være et klageorgan for enkeltvedtak eller en arena for overprøving av politiske prioriteringer som er foretatt av kommunalt folkevalgte organer.

Saken du ønsker at kontrollutvalget skal behandle hører under kategorien enkeltvedtak og har andre etablerte klageinstanser enn gjennom kontrollutvalget.

Du har flere klagemulighet for denne saken, som planutvalg og Fylkesmann, eventuelt Sivilombudsmannen. Vi antar at du har fått informasjon om klageadgang via skriv fra kommunen. Det fremgår ikke av din oppsummering om disse mulighetene er benyttet.

Utvalget vil få referert din henvendelse på neste møte, men ser ikke at dette er en sak som hører inn under utvalgets mandat.

Med helsing

Øyvind Haraldseid (sign.)
Kontrollutvalget i Vindafjord



Odd Gunnar Høie
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	20.02.13	03/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

Saksvedlegg: Forslag til årsmelding 2012

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2012 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2012 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 13.02/13


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

VINDAFJORD KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2012



KONTROLLUTVALET
VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følge kommunelova § 77 pkt 6 skal *”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”*.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemer til kontrollutvalet:

Faste:

Øyvind Haraldseid - leiar
Anders Haugland - nestleiar
Margrethe Veim
Nils Terje Oma
Björg Borgemyr

Vara:

1. Peder Lothe
2. Anne-Lise Døvik
3. Nils Skrunes
4. Sissel Stene
5. Trygve Sandvik

Øyvind Haraldseid sit i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 5 møter fordelt på tre møter første halvår og to møter andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt 32 saker til handsaming og 26 saker til orientering. Oversyn over sakene følger som vedlegg.

Ingen frå Vindafjord kontrollutval deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 1.-2. februar 2012 på Gardermoen eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 6.-7. juni 2012 i Trondheim.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap for 2011 i møte den 15.05.12 og har gitt sin uttale til årsrekneskapen til kommunestyret.

Skatterekneskapen for 2011 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til plan og overordna analyse blei utarbeida av KPMG. Kontrollutvalet arbeida med planen og analysen gjennom store deler av 2012. Utvalet vedtok planen i oktober 2012 og endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret i oktober 2012.

Utvalet har dette året ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til ny plan blei utarbeida av sekretariatet og vedteke av utvalet og i kommunestyret i oktober 2012.

Utvalet har ikkje handsama nokon rapport frå selskapskontrollar dette året. Dei tinga, saman med dei andre eigarkommunane, ein kontroll av Interkommunal Arkiv IKS i byrjinga av året – rapport frå denne kontrollen er venta og verta ferdig på nyåret 2013.

Kommunestyret bad sommaren 2012 kontrollutvalet gjennomgå drifta av Øyane Asvo. Utvalet har fått utarbeida ein prosjektplan for ein slik gjennomgang av KPMG. Arbeidet er foreløpig ikkje starta opp, då ein ventar på endeleg avklaring om vidare drift av Øyane Asvo. Dette prosjektet vil bli i samarbeid med kontrollutvalet i Etne kommune.

Tilbakemelding frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) på oppfølging av selskapskontrollen i 2011 blei handsama av utvalet og kommunestyret hausten 2012.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Vindafjord kommunestyre vedtok i 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og KPMG AS blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12 og fram til 2015.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. KPMG har delteke på kontrollutvalet sine to møte i haust. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, skatteregnskap, vedtekne økonomiske rammer, halvårskontrollar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 655 000.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2012, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eigd av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny rådgjevar, som har kontakten med Vindafjord, blei tilsett 01.08.12.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn forventa. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for dei neste fire åra.

Ølen, 20. februar 2013

Øyvind Haraldseid
(sign.)

Anders Haugland
(sign.)

Margrete Veim
(sign.)

Nils Terje Oma
(sign.)

Björg Borgemyr
(sign.)

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/12 Godkjenning av protokoll frå møte 21.09.11
- 02/12 Referat- og orienteringssaker
- 03/12 Opne eller lukka møte
- 04/12 Møteplan for 2012
- 05/12 Revisor si egenerklæring
- 06/12 Vindafjord kommune – budsjett 2012
- 07/12 Kontrollutvalet si årsmelding 2011

- 08/12 Godkjenning av protokoll frå møte 18.01.12
- 09/12 Referat- og orienteringssaker
- 10/12 Val av revisor (*ikkeje offentlig, jf. off.l. § 23*)

- 11/12 Godkjenning av protokoll frå møte 29.02.12
- 12/12 Referat- og orienteringssaker
- 13/12 Uttale til kommunerekneskapen for 2011
- 14/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015
- 15/12 Selskapskontroll i Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS

- 17/12 Godkjenning av protokoll frå møte 15.05.12 og særutskrift frå 26.06.12
- 18/12 Referatsaker 3.10.12
- 19/12 Revisor si egenerklæring for 2012 – KPMG AS
- 20/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013- Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
- 21/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016
- 22/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016
- 23/12 Presentasjon av revisor – Overordna revisjonsstrategi
- 24/12 Møteplan for 2013
- 25/12 Bestilling av for forvaltningsrevisjon – Øyane ASVO AS

- 26/12 Godkjenning av protokoll frå møte 03.10.12
- 27/12 Referatsaker 21.11.12
- 28/12 Bestilling av forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo As
- 29/12 Bestilling av prosjektplan for eigarskapskontroll – Vindafjord kommune
- 30/12 Oppfølging av gjennomført selskapskontroll i HIM IKS
- 31/12 Statusoversikt pr. november – over kontrollutvalet sine saker
- 32/12 Vindafjord kommune sitt budsjett for 2013

Saker til orientering:

1. Valte medlem og varamedlem til kontrollutvalet 2011-2015.
2. Teieplikt
3. Kontrollutvalets evaluering av arbeidet i perioden 2007-2011
4. Reglement for Vindafjord Kontrollutval
5. NKRF-konferansen 01-02.02.12, Gardermoen.
6. Budsjett kontrollutvalet 2012
7. Evaluering av NKRF-konferansen 01-02.02.12, Gardermoen.
8. Årsberetning frå Skatteoppkrevaren i Vindafjord
9. Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevaren frå Skatt Vest
10. HIM. Innkalling til møte i representantskapet 30.5.12
11. KOFA. Kofagebyr til kommunane.
12. KS'etikkkonferanse. Unngå korrupsjon med gode rutinar.
13. Fylkesmannen i Rogaland. Statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar
14. Byråkratibarometer 2012
15. Kommunebarometer 2012
16. Fem faktorar for å avdekkje korrupsjon
17. Brev vedrørande leigesatsar på trygdebustader
18. Høstkonferansen 2012 – oppsummering
19. Invitasjon til NKRF konferansen 6.-7. februar 2013
20. Det uforståelige kommunebudsjettet av Bjørn Brox
21. Innkalling til møte i representantskapet i HIM, 23.11.12
22. Svar frå administrasjonen vedrørande lese Brett til KU sine medlemmer
23. Rapport frå fylkesmannen - Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap –
24. og oppfølging av denne
25. Kommunestyrevedtak 30.10.12, sak 071/12 – Plan for forvaltningsrevisjon
26. Kommunestyrevedtak 30.10.12, sak 072/12 – Plan for selskapskontroll

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	20.02.13	04/13
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

RAPPORT SELSKAPSKONTROLL - INTERKOMMUNALT ARKIV IKS (IKA)

Saksvedlegg: Rapport frå selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland –
utarbeida av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Vindafjord kontrollutval gjorde følgjande vedtak 15.05.12, sak 15/12:

Kontrollutvalet i Vindafjord vil delta i prosjektet med å gjennomføre selskapskontroll i Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS (IKA) i tråd med det utkast til prosjektmandat som foreligger frå Rogaland Revisjon 02.02.12.

Kostnadsfordeling vert godkjent slik det kjem fram i vedlegg.

IKa IKS er eit offentlig heileigd selskap der i alt 24 kommunar og 4 selskap i Rogaland deltek som eigarar. Selskapskontrollen omfattar i utgangspunktet alle 24 kommunane.

Mandat:

Revisor foreslo i sitt utkast til prosjektmandat for gjennomføring av selskapskontrollen at formålet skulle vera *å gjennomføre kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i IKA (eigarskapskontroll), og ei analyse av utvalde forhold knytt til selskapet si drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*

Ut frå dette formålet foreslo revisor at det vart sett nærare på følgjande problemstillingar:

- Korleis er selskapet styrt og korleis er eigarane si oppfølging av selskapet lagt opp?
- Korleis følgjer selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovreglar om offentlige arkiv?
- Blir selskapet sine aktivitetar rapportert i tråd med lovar og reglar?
- Korleis følgjer selskapet opp lovreglar om offentlige anskaffingar og offentlegheit?
- Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Saksorientering:

Rogaland Revisjon IKS har nå utarbeida vedlagde rapport frå den gjennomførte kontrollen av selskapet, som nå vert lagd fram for kontrollutvalet til handsaming. Revisor kjem med følgjande tilrådingar:

Tilrådingar til selskapet:

- *Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egenvurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.*
- *Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneombud eller bruk av annen ordning.*
- *Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp.*

Tilrådingar til eigarkommunane:

- *Kommunene bør sikre at eierrepresentantene får opplæring og informasjon om eierstyring.*
- *Valgkomiteén for styreutnevnelsen bør ta med habilitets- og kompetansevurderinger som dokumenteres*

For meir detaljar visast det til samandrag og sjølve rapporten.

Forskrift om kontrollutval § 15 slår fast at eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunen si eigarfunksjon, alltid skal ha høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forhold som vert omtala i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Rapporten er kommentert av styre og dagleg leiar i selskapet, samt av eigarane ved representantskapet i eigarkommunane.

Selskapet sine kommentarar:

Rogaland Revisjon IKS har motteke følgjande kommentarar frå selskapet 18.01.13:

Vi viser til e-post av 19. desember 2012 vedrørende høring av rapport etter selskaps-kontroll av Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA).

Vi har ingen merknader til faktagrunnlaget slik det forekommer i rapporten.

Når det gjelder de negative funnene i rapporten har vi følgende kommentarer:

- *Skattefritak på overskudd: IKA vil søke Skatteetaten om skattefritak i løpet av 1. halvår 2013.*
- *HMS-system: Det vil bli utarbeidet og iverksatt et HMS-system i løpet av 2013.*
- *Valg av verneombud eller annen ordning: Øystein Jonassen er valgt til verneombud i to år fra og med 2013. Han vil få opplæring i løpet av året, og en instruks for verneombud vil bli utarbeidet i forbindelse med nytt HMS-system.*
- *Konkurransetsetting av tjenesteavtaler: Det vil i løpet av året bli hentet inn tilbud på bank, regnskap og IT i henhold til reglene om offentlige anskaffelser.*
- *Behovet for styreinstruks, skriftlig egenvurdering, styreansvarsforsikring og registrering i KS sitt styrevervregister vil bli behandlet av styret i løpet av våren 2013.*
- *Opplæring av eierrepresentantene: IKA ser på dette som eiernes ansvar.*

Eigarane sine kommentarar:

Frå eigarane er det kun komme tilbakemelding frå nokre få eigarrepresentantar. Desse hadde ingen særskilte kommentarar til rapporten.


Det er ikkje tilsvarende krav for oppfølging av selskapskontroll som for forvaltningsrevisjon. For kommunane sin del er kontroll av eigarskap vedteke i ny plan for selskapskontroll, og vil bli sett på samla. Det er derfor ikkje naturleg å følgja opp tilrådingane til eigarane nå. Når det gjeld tilrådingane til selskapet vil ein gjere framlegg om at desse blir følgd opp hausten 2013.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saka.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

1. Vindafjord kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

Aksdal, 13.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	20.02.13	05/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – EIGARSKAPSKONTROLL

Saksvedlegg: **Prosjektplan – Eigarskapskontroll av Vindafjord kommune, utarbeid av KPMG**

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok på møtet den 21.11.12, sak 29/12 følgende:

Vindafjord kontrollutval ber KPMG AS utarbeide ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet (20.02.13), for ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune.

KPMG har utarbeida ein prosjektplan som følgjer vedlagt saka. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune belyst.

KPMG reknar med å kunne gjennomføra prosjektet innafor ei tidsrame på 75 timar. Kostnaden med dette revisjonsprosjektet vil til saman bli på om lag 67 500 kr. eks. mva. Det er budsjettert med ei rame for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på maksimalt 250 timar i 2013.

KPMG reknar med å starte opp prosjektet i mars 2013 og kunne framlegge endeleg rapport til kontrollutvalet i mai 2013.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet i Vindafjord tingar ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune i fylgje vedlagte prosjektplan frå KPMG.

Aksdal, 13.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

PROSJEKTPLAN

VEDLEGG SAK 5/13

Laga iht. RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon

PROSJEKTNAMN Eigarskapskontroll av Vindafjord kommune

Selskapskontroll

KOMMUNE/nr

Vindafjord kommune/ 1160

UTFØRANDE REVISORAR

Willy Hauge - partner

Øivind Støle – prosjektleiar

Ingvill Strand – prosjektmedarbeidar

Kari Hesjedal - prosjektmedarbeidar

VURDERING AV HABILITET (Iht forskrift om revisjon og kommuneloven § 79)

Etter vår vurdering vil ingen av dei utførande revisorar få habilitetsproblem ved gjennomføringa av dette prosjektet, jf. eigenerklærings skjema.

BAKGRUNN, PROBLEMSTILLINGAR OG AVGRENSING

Bakgrunn

KPMG vart i kontrollutvalsmøte 21.11.12 beden om å utarbeide prosjektplan for ein eigarskapskontroll for Vindafjord kommune. I kommunen sin plan for selskapskontroll er eigarskapskontroll eit av dei prioriterte prosjekta i inneverande periode. Ein eigarskapskontroll inneber ei gjennomgang av eigarinteressene kommunen har i selskapa sine, og undersøke korleis dei vert utøvd.

Kommunen er deleigar i om lag 30 ulike aksjeselskap, interkommunale selskap og samarbeid. Ei naturleg avgrensing i den obligatoriske selskapskontrollen vil vere å fokusere på selskap som er omfatta av kommuneloven §80, som er interkommunale

selskap og aksjeselskap der ein kommune/fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar/ fylkeskommunar eig alle aksjar og heileigde dotterselskap til slike selskap. Då står ein igjen med 8 selskap (pluss dotterselskap).

Denne avgrensinga har samanheng med at det berre er i nemnte selskap at kontrollutval og revisor har innsynsrett. Kommuneloven § 80 inneber at kontrollutval og revisor kan krevje opplysningar som er naudsynt for gjennomføring av selskapskontroll i interkommunale selskap og aksjeselskap. Opplysning kan krevjast frå dagleg leiar i selskapet, styret og selskapet sin revisor.

Føremål

Føremålet med ein eigarskapskontroll er å kartleggje og vurdere korleis kommunen utøvar sitt eigarskap, med utgangspunkt i kommunestyret sine vedtak og føresetnader for eigarskapen. Dette inkluderar og å kartleggje kva rutinar kommunen har for opplæring av dei folkevalde, med omsyn til roller og oppgåver som skal handterast av eigarrepresentantar og styrerepresentantar.

Vi ynskjer å kartlegge dagens praksis, og, viss aktuelt, foreslå tiltak for å forbetre styring og forvaltning.

Problemstillingar

Problemstillingane i prosjektet vil vere:

1. I kva grad følgjer kommunen opp at føremålet med eigarskapet blir ivarettatt?
2. I kva grad sikrar kommunen at selskapa si verksemd er i samsvar med dei vedtektsfesta føremåla?
3. I kva grad følgjer kommunen opp at selskapa driv forsvarleg, og i samsvar med lovar og reglar?
4. Har kommunen rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene?
5. I kor stor grad har eigarrepresentantane tilstrekkeleg kompetanse til å utføre sine oppgåver?
6. Har kommunen eit tilfredsstillande opplæringstilbod for styrerepresentantane?

REVISJONSKRITERIA (Jfr. pkt 25-29 i RSK 001)

Aktuelle kjelder for revisjonskriteria er:

Kommuneloven
Aksjeloven
Lov om interkommunale selskap
Offentlighetsloven
Eigarmeldingar, og evt. andre politiske styringsdokument
Vedtekter for relevante selskap
KS' anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskap og foretak.

METODE (Jfr. pkt 30-34 i RSK 001)

Innhenting av dokumentasjon
Dokumentanalyse
Intervju med nøkkelpersonar

MILEPELER

Godkjenning av prosjektplan i KU-møtet 20.02.2013
Oppstartsbrev/møte primo mars 2013
Datainnsamling og gjennomgong mars – april 2013
Rapportutkast april 2013
Høyring april/ mai 2013
Presentasjon av endeleg rapport i kontrollutvalet mai 2013

RESSURSBEHOV; PLANLAGT TIDSBRUK OG EV. EKSTERN BISTAND

Estimert tidsbruk interne ressursar KPMG:

Oppdragsansvarleg revisor: 5 t
Prosjektleder: 20 t
Prosjektmedarbeidarar: 50 t
Totalt: 75 t

PRIS

67 500 kr. eks. mva.